



Meland Kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Att.: Rådmann Ingvild Hjelmtveit

Knarvik, 26. april 2016

Søknad om tilskott frå Meland kommune

Vi viser til hyggeleg møte den 14. april kor Industriutvikling Vest AS orienterte om pågåande prosess for å søke SIVA SF om ny inkubatorperiode.

Kort resymé:

Industriutvikling Vest AS har sidan mai 2011 drevet inkubatorverksemd i Nordhordland. Sidan da har vi bidrege til at 15 nye selskap er etablert i Nordhordland, samt 37 nye arbeidsplassar. Utover dette har vi deltatt i ei rekke fellesprosjekter som har involvert fleire bedrifter og offentlege aktørar. Fleire selskap har oppnådd stor suksess, t.d FeC AS der Kathrine Molvik ble Female Entreprenur 2016 (Årets gründerkvinne i Norge). Hausten 2014 etablerte vi gründerfellesskapet «Dampen» i Knarvik som har vorte ein viktig arena for nyskaping i regionen og møtestad for næringslivet generelt.

Det føregår no ein prosess der dagens eigarar av Industriutvikling Vest AS og andre offentlege aktørar som Fylkeskommune og kommunar former ein søknad til SIVA SF for ein ny inkubatorperiode på 5 år for 2017-2021.

Forslag til finansieringsramme for perioden 2017-2021:

Tilskott	Årleg	Total 2017-2021
Frå eigarane	3 500 000	17 500 000
Fylkeskommune, kommunar, andre	1 750 000	8 750 000

Styret i Industriutvikling Vest har store ambisjonar for selskapet dei næraste åra. Meir midlar vil verte tilført gründerar og eksisterande næringsliv i regionen, samt at IUV vil auka eigne ressursar med fleire tilsette for å gje rådgiving til fleire verksemdar.

Hovudmålsettingane er:

- Minst 25 nye berekraftige etableringar
- 75 nye arbeidsplasser, samt å sikre 50 noverande arbeidsplasser


Fram til i dag har Lindås og Austrheim kommunar bidrege med årlege driftstilskott. Styret ønsker å få fleire kommunar med i den vidare satsing. Det vil visa at regionen står meir samla bak i ein ny inkubatorperiode, det betrar finansieringa som vil gje eit enda betre tilbod for gründerar og næringsdrivande i kommunane. Det kan nemnast at SIVA SF som er vår programeigar har gjeve førehandstilsegn om auka tilskott med ein million årleg (til 1,5 mill. frå 0,5 i dag) dersom det kjem ein søknad og opptak i nytt inkubatorprogram skjer. Det ser IUV som ein god anerkjenning for det arbeidet som er utført så langt, samt vilje til å satsa meir i tida som kjem.

Industriutvikling Vest vonar at Meland kommune vil ta del i vår styrka satsing på nyskaping og omstilling i regionen. Vi søker derfor kommunen om kr. 125.000,- i årlege driftstilskott for perioden 2017-2021.

Vi håpar på velvillig handsaming av søknaden. Vi kjem gjerne for å informere meir om kva vi har oppnådd og våre konkrete planar for framtida om det er ønskeleg.

Ta kontakt dersom noe er uklart.

Mvh



Børge Brundtland

Dagleg leiar